



Bø kommune

Kommunedelplan for oppvekst 2016-2028



Innhald

Innleiing	3
Frå plan til handling	3
Visjon for Bø kommune	4
Målsetting	4
Strategiar	4

Innleiing

Som ein kommune i vekst står Bø framfor mange endringar på oppvekstområdet. Fleire familiar med barn gjev auka behov for både barnehageplassar og skuleplassar, og Bø sine kommunale tenester får fleire som skal dele på dei. Kapasiteten i skule og barnehage må til dømes auke i takt med barnetala. Dei frivillige laga får fleire medlemmar å rekruttere, Bøsamfunnet kan nyte godt av ny kompetanse og nye impulsar på mange plan. Det er difor ei spennande tid denne planen skal omfatte. Saman med ein mogeleg ny kommunestruktur og ein heil nasjon i endring vil planen frå 2016 til 2028 måtte ta høgde for spanande endringar og både positive og meir utfordrande oppgåver for kommune og innbyggjarar.

Skuleverket er godt inne i ein prosess med nytenking og omlegging av både planar og praksis. Myndigheitene set krav til kvalitet og utvikling, og elevane skal involverast meir i vurdering av eigen innsats og eige resultat. For barnehagane ventar ei revidering av rammeplanen og ein gjennomgang av Barnehagelova, som også vil gje ein klar peikepinn på kva regjering og departement forventar framover. Oppvekstplanen tek også omsyn til NOU 2015:8 «Framtidas skule» og «Regional plan for oppvekst og kompetanse 2016 – 2020» frå Telemark Fylkeskommune.

Generelt kan vi også sjå endringar i samansettinga av befolkninga, foreldrerolla og ein klar tendens med meir psykiske vanskar hos ungdom og unge vaksne. Dette er utviklingstrekk Bø kommune må ta omsyn til i planen.

Frå plan til handling

Kommunedelplan for Oppvekst skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk innanfor dette feltet i perioden 2016-2028. Planen skal rullerast kvart fjerde år, og skal følgjast opp av ein handlingsplan med prioriterte tiltak som reviderast kvart år i samband med kommunens budsjettbehandling. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har til rådvelde som følgje av lov, vedtak og andre føringar. Dette gjeld til dømes både økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Bø kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Arbeidet innafør oppvekstsektoren må difor sjåast på som ein del av samfunnsutviklinga, og eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar. Ein heilskapleg plan må også legge opp til at

alle aktørane på oppvekstområdet tek i vare barna og dei unge sine eigne synspunkt, behov og ønskjer for ein god og trygg oppvekst i kommunen.

Visjon for Bø kommune

Bø – bygda for trivsel, mangfald og vekst

Målsetting

1. Bø kommune skal ha ein oppvekstpolitikk der det langsiktige målet er at barn som veks opp i Bø gjennomfører vidareutdanning.
2. Bø kommune skal som vertskommune for Høgskulen i Sørøst-Norge (HSN) og Bø vidaregåande skule bidra til å vidareutvikle og styrke Bø sin posisjon som skule- og kompetansesenter i Telemark.
3. Bø kommune skal vere ein av landets fremste kulturkommunar.
4. Bø kommune skal ha ei positiv utvikling i folkehelseprofilen.

Strategiar

- 1. Bø kommune skal ha ein oppvekstpolitikk der det langsiktige målet er at barn som veks opp i Bø gjennom grunnskulen er rusta for å fullføre vidaregåande skule.**
 - 1.1. Tidleg innsats og godt samarbeid mellom familiar, helsestasjon, skulehelsetenesta, barnehage, skule og andre instansar som t.d. barnevern for på tidlegast muleg tidspunkt sette i verk tiltak for familiar og ungar som slit
 - 1.2. Ha ein målretta barnehage- og skulepolitikk der ein ved hjelp av god kvalitet og fokus på både fagleg og sosial utvikling, kvalifiserer dei unge for gode resultat i vidaregåande skule
 - 1.3. Bø kommune skal ha fokus på førebyggjande arbeid, mellom anna gjennom «Barn som bekymrar», «De utrolige årene», helsetenesta og den daglege drifta i skule og barnehage
 - 1.4. Innan 2018 gjennomføre forprosjekt som skal definere behov for kapasitetsauka i ungdomsskulen; utbygging av eksisterande bygg eller nybygg, og som tek høgde for framtidig folkevekst i Bø
 - 1.5. Innan 2019 gjennomføre forprosjekt for etablering av ny kommunal barnehage.
 - 1.6. Styrke arbeid med overgangar, mellom anna ved større fokus på rådgjeving og rettleiing av føresette og elevar i samband med overgang til vidaregåande skule.

- 1.7. Bø kommune skal oppretthalde og vidareutvikle samarbeide med kommunane i Midt-Telemark på oppvekstområdet
 - 1.8. Utarbeide strategiar for positiv vidareutvikling av det tverrfaglege samarbeidet i barnehagar og skule, mellom PPT, barnevern og helse.
- 2. Bø kommune skal som vertskommune for Høgskulen i Sørøst-Norge (HSN) og Bø vidaregåande skule bidra til å vidareutvikle og styrke Bø sin posisjon som skule- og kompetansesenter i Telemark.**
- 2.1. Bø kommune skal ha ein skule- og barnehagepolitikk med kvalitet som tek i vare og styrkar kommunen sitt renommé som skulekommune
 - 2.2. Bø kommune skal ha ein konstruktiv dialog med Telemark Fylkeskommune og Høgskulen i Sørøst-Norge (HSN) for lokalt å kunne støtte og legge til rette for vidare utvikling
 - 2.3. Bø kommune skal rekruttere og halde på høgt kompetente tilsette i skule og barnehage
- 3. Bø kommune skal vere ein av landets fremste kulturkommunar.**
- 3.1. Styrke kulturskulen (sjå Kommunedelplan for kunst og kultur, vedteke 2015)
 - 3.2. Kommunen skal i planperioden ha eit sterkare fokus på innhaldet i kultursatsinga, vidareutvikle og styrke samarbeidet med det frivillige kultur- og idrettslivet og betre rammevilkåra for dei frivillige aktørane
 - 3.3. Betre samordning av kommunen si bibliotekteneste og skulebiblioteka.
- 4. Bø kommune skal ha ei positiv utvikling i folkehelseprofilen.**
- 4.1. Aktivt arbeide for at barn og unge i familiar med låg inntekt / få ressursar får moglegheit til å ta del i aktivitetar på skule og i fritida
 - 4.2. Ha fokus på folkehelse i alt planarbeid i kommunen og vidareutvikle folkehelsesamarbeidet med ulike aktørar, mellom anna med tanke på å redusere talet på unge uføre i kommunen, og å møte utfordringar med meir psykiske vanskar hos barn og unge.
 - 4.3. Utarbeide strategiar for auka fysisk aktivitet i skule og barnehage
 - 4.4. Bø kommune skal aktivt opplyse og informere om positive folkehelsetiltak og aktivitetar
 - 4.5. Prioritere varierte og gode fritidstilbod med låg terskel